



Notat

Dato: 24.03.2015
Arkivsak: 2015/85-11
Saksbehandlar: rolrose

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status for Bru bru i Kvam herad

På møte i samferdselsutvalet den 21. januar 2015 etterspurde representanten **Jostein Ljones** (SP) status for istandsetjing av Bru bru.

Frå Statens vegvesen har ein fått fylgjande orientering.

Godkjenning av konstruksjon av brua har teke lengre tid, både internt i Statens vegvesen og i NVE, enn føresett. No er konstruksjonen godkjent. Statens vegvesen har sendt søknad om dispensasjon frå reguleringsplan til Kvam herad. Denne er no til sakshandsaming. Når denne er godkjent kan vi gjere grunnverv og lyse ut tiltaket. Grunnforhandlingar kan ta 9 månadar.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til orienteringa frå Statens vegvesen.